

Sak til Samarbeidsutvala

Går til: Medlemmane i utvala
Dato: 8.mars 2022
Sakshandsamar: SSE og Geir Lien
Saka gjeld: Revisjon Tenesteavtale 10 om førebygging.
Saksnummer: 09/22

Innleiing

Både helseføretaka og kommunane har ansvar for førebyggjande og helsefremmande arbeid. Auka innsats og samarbeid mellom omsorgsnivåa når det gjeld førebygging og helsefremming er difor viktig.

Gjeldande [Tenesteavtale 10](#) trådde i kraft 01.07.2012, og handlar om Samarbeid om førebygging. Revisjon av tenesteavtale 10 er eit av dei prioriterte tiltaka i felles handlingsplan.

Bakgrunn

I mai 2020 vedtok alle Samarbeidsutvala oppstart av arbeidet med revisjon av tenesteavtale 10 om førebygging. Det vart sett ned ei arbeidsgruppa samansett av:

- Geir Lien - Divisjon psykisk helsevern, Helse Bergen
- Audun Pedersen – Rådgiver rus og psykisk helse, Bergen kommune
- Harald Hauge/Margrethe Moss-Iversen Lundegård - Kommuneoverlege/folkehelse­rådgiver Bergen kommune
- Kristin Occhipinti - Ledende helsesykepleier i Askøy kommune. SU Bergensregionen
- Anita Bjørsvik Kvamme/Siri Bye - Fysioterapeut, Alver kommune, SU Nordhordland
- Irmelin Smith Eide - Ergoterapeut, Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Frederic Larsen - Direktør Bjørkeli DPS, Private og ideelle
- Britt Madli Manger - Fysioterapeut og leiar for avdeling for rehabilitering og tverrfaglege tenester, Voss sjukehus
- Kari Sygnestveit - Ernæringskoordinator/klinisk ernæringsfysiolog i Helse Bergen
- Christine Sundal - Brukarutvalet, Helse Bergen
- Eli Sjø - Brukarutvalet, Helse Bergen
- Elena Sandgathe - SSE
- Reidun Braut Kjosås - SSE

Arbeidsgruppa fekk følgjande mandat for arbeidet:

- Gruppa skal utarbeida forslag til revidert Tenesteavtale 10 om førebygging for kommunar og sjukehus i føretaksområdet. Arbeidsgruppa er ansvarleg for framdrift og utarbeiding av avtaleutkastet.
- Avtaleutkast skal vere klart til handsaming i Samarbeidsutvala innan februar 2021.
- Den einskilde representant har sjølv ansvar for å forankre oppgåve, arbeidsprosess og løysing hos dei han/ho representerer. Gruppa konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar.

Første møtet i arbeidsgruppa var 18.mars 2021. Forseinkinga i arbeidet skuldast covid-19. Fleire av representantar i gruppa hadde mange oppgåver knytt til handtering av pandemien.

Arbeidsgruppa har hatt 4 møter. Tre møter digitalt og eit fysisk møte. Geir Lien frå Helse Bergen har vore leiar for arbeidsgruppa. Etter fyrste møtet delte arbeidsgruppa seg i to mindre arbeidsgrupper som arbeidd ut forslag til samarbeidsområde aktuelle for planen. Kvar av desse gruppene hadde to møter, før dei møttest til møte 2 i arbeidsgruppa.

Avtaleutkastet

Arbeidsgruppa har gått gjennom gjeldande avtale og gjort vurderingar om kva som bør vidareførast, oppdaterast og endrast. Mykje har skjedd når det gjeld førebygging og helsefremmande arbeid dei siste åra. Dette har hatt betydning for innhald og form på utkastet til ny avtale.

Avtalen er oppdatert og endra på følgjande punkt:

- Lovgrunnlag
- Føremål
- Omgrepsavklaringar
- Prioriterte samarbeidsområdet

Med bakgrunn i å samarbeide om å utjamne sosiale forskjellar, fremja god helse, førebygga sjukdom og skader har arbeidsgruppa kome fram til fem prioriterte område, som vert løfta fram i avtalen:

- Nettverk og samhandling
- Helsekompetanse
- Pasienttryggleik
- Barn og unge
- Psykisk helse og rus

Forslag til vedtak

Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til forslag til revidert avtale og tilrår at avtalen vert sendt til signering hos partane.